

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Bergen, 04.07.2024

Høyringsfråsegn til detaljplan for dam Bjølsegrøvatn - Bjølvo kraftverk

Kvam Turlag og Bergen og Hordaland Turlag (frå her kalla turlaga) viser til offentleg ettersyn av detaljplan for dam Bjølsegrøvatn - Bjølvo kraftverk - Kvam herad.

Kvam Turlag, lokallag i Bergen og Hordaland Turlag, vart grunnlagt i 1994 og har i dag 650 medlemmer. Dei arrangerer turar for kvemmingar i alle aldrar og held oppsyn med tre hytter og 100km sti i Kvammafjella. Bergen og Hordaland Turlag vart grunnlagt i 1890 og er den største friluftsansamlinga på vestlandet med over 30 000 medlemmar. Turlaga sine føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Turlaga ser trong for å gjera oppgraderingar for å sikra trygg og effektiv drift av vasskrafta vår, og er slik sett positive til tiltaket. Turlaga vil også nemna at tunellar, slik det no er planlagt, er sterkt å føretrekka framfor veg i dagen, slik det var planlagt for nokre år sidan. Me meiner likevel det er manglar i detaljplanen, og at nokre av løysingane vil påføre for store inngrep i natur- og friluftslivsverdiar:

- Det framgår ikkje kvifor ein, eit samfunnsøkonomisk perspektiv, skal velja veganlegg framføre transport med bruk av helikopter.
- Detaljplanen legg opp til å øydelegga eit fint, lite dalføre og mykje brukt turterreng – der ein endåtil finn ein raudelista naturtype – med ei steinfylling.
- Det kjem ikkje klart fram om dei nye veganlegga kjem til å vera opne for alle etter anleggsperioden.

Veganlegg eller helikopter

Turlaga kan ikkje sjå at det er grunngeve at ein må gjera store arealinngrep i viktige friluftsområde og truga naturtypar for å gjera denne damoppgraderinga. I seinare år er det gjort ei rekke damoppgraderingar i heile Noreg, og fleire er gjort utan bygging av veg. Vurderingar av val av veg kontra helikopterløft bør føreleggast offentlegheita for å sikra eit opplyst ordskifte og ei god vurdering av nødvendigheten av slike store naturinngrep. Her må ein få fram fordelar og ulemper for eit breitt spekter av samfunnsinteresser, berekningar av klimagassuslepp frå både transport, anleggsarbeid og arealbruksendringar, samt påverknad på naturmangfald.

Deponiområde

Då "Damvegen" (dagens veg) vart etablert, vart dette naturleg nok eit populært startpunkt for mange turmål i Ålvik, sidan ein får starta ganske høgt (ca 600moh) i eit elles bratt terreng. Herfrå har det etter kvart vorte mange populære turar for innbyggjarane i Heradet. Fyllinga som er planlagt etablert i Hedlerdalen vil ligga oppå dagens stitrass mot Hedler, Vikedalsnebbet, Giljafjell, Naglaklepp og fleire turmål som turlaga har lagt ut på UT.no. Ålvik idrettslag har merka ei rekke ruter i fjellet der, og stien gjennom Hedlerdalen kan skildrast som godt merka og tydeleg.

Turlaga er negative til fyllinga i Hedlerdalen, då dette vil øydelegga eit fint, lite dalføre og mykje brukt turterreng. Her finn ein endå til ein ei raudelista naturtype, som det er vanskeleg å forstå skal kunne bevarast med ei stor steinfylling.

Området vil landskapsmessig verte sterkt endra, og bevaring av ei steinblokk nede i ei grop framstår som eit litt merkeleg avbøtande tiltak. Søkket som vil oppstå mot den vestre delen vil også truleg framstå som eit framandelement, og det er uvisst korleis underlag og utforming av sti vil verte.

Vidare kan ikkje turlaga sjå at det er tilstrekkeleg syna at inngrepet ikkje vil påverke naturtypen i området på ein markant negativ måte. Handteringa av massar, skildra i kap. 3.1, er på mange vis grundig og syner at ein vil gjere ein innsats for at stadeigne artar skal reetablere seg. Likevel sit me at med spørsmål knytt til om ein faktisk vil klara å handtera spreiding av frammandartar, og om økosystemet, som er truga av arealinngrep og stigande skoggrense, som heilskap vil komme attende. Dette også sett i lys av at ein tilfører andre typar massar under jordsmonnet. Det er også rimeleg å krevje at det i detaljplanen vert påvist kva kvalitet/verdi dette området vil ha som *kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra* i ein framtidig naturkartlegging etter NiN metoden, då dette er eit mål på kor godt ein har lukkast med naturrestaureringa.

Ålmenta si bruk av vegen

Ved bygging av eit såpass stort veganlegg må det vera klart at ålmenta får løyva tilkomst med den nye vegen. Å opne vegen for ålmenn ferdsel er eit verdifullt avbøtande tiltak når ein skal bygga ut eit større naturområde. Som turlaga alt har påpeika har etableringa av den eksisterande vegen opna for turar for fleire menneske, i eit terreng som er bratt og krevjande, og me vil tilrå at NVE set vilkår om at den nye vegen skal vera open for alle. Vegen går ikkje inn i eit villreinområde, eller eit naturområde som av andre grunnar er viktig å skåna for auka ferdsle, og turlaga ser slik sett ingen grunnar til at vege skal vera stengd.

Turlaga håper våre innspel er nyttige, og vert teke med i det vidare arbeidet.

Beste helsing

Kjell Inge Tufte Tyssen
Styreleiar
Kvam Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag